



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Anne Marte Wiland Sæle
Telefon: 57643107
E-post: fmsfase@fylkesmannen.no

Vår dato
02.09.2016
Dykkar dato
31.08.2016

Vår referanse
2016/3174- 632.9
Dykkar referanse

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Om fráværsgrense og trafikopplæring

Fylkesmannen er gjennom media og kontakt frå Utdanningsdirektoratet blitt gjort merksam på at fylkeskommunen har gjort vedtak om felles fráværsglement for dei vidaregåande skulane i fylket der obligatoriske køyrekurs vert rekna som lokal velferdsgrunn.

Den nye regelen om fráværsgrense i vidaregåande opplæring gjeld frå 1. august 2016 og er tatt inn i forskrift til opplæringslova § 3-3 siste ledd:

«I vidaregåande skole skal eleven ikkje få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter ved frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få vurdering med karakter dersom det er dokumentert at frávær i meir enn 10 prosent av timane i faget skyldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd. Dersom årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg at fráværsgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert frávær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter, jf. tredje ledd».

Ein elev som har meir enn 10 % frávær i eit fag kan fortsatt få karakter i faget dersom det kan dokumenterast at fráværet som går ut over 10 % skuldast «helse- og velferdsgrunnar, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagt oppmøte eller representasjon på nasjonalt og internasjonalt nivå», jf. forskrifta § 3-47 femte ledd, jf. § 3-3 siste ledd. Forskrifta § 3-47 femte ledd a-f er uttømmende.

Med velferdsgrunnar er det meint t.d. gravferd, bryllaup eller omsorgsoppgåver for eigne barn, jf. Utdanningsdirektoratets artikkel «Fravær i vidaregåande skole» av 17.02.2016 og rundskriv Udir-3-2016. Trafikkopplæring, enten det er obligatoriske kurs eller vanlege køyretimar, er ikkje å rekne som velferdsgrunnar, og skal dermed telje med som frávær. Sjølv om delar av trafikopplæringa er obligatorisk for å få førarkort, er den ikkje ein del av opplæringa i vidaregåande skule. Vi viser til vedlagt artikkel frå Utdanningsdirektoratet om Fráværsgrense og trafikopplæring av 17.11.2015.

Regelen om fráværsgrense i forskrift til opplæringslova § 3-3 siste ledd gjeld heile landet, og Sogn og Fjordane fylkeskommune kan ikkje vedta eit reglement som er i strid med lov og forskrift.

Vi oppmodar difor Sogn og Fjordane fylkeskommune om så snart som mogleg rette fráværsglementet sitt i tråd med gjeldande lov og forskrift. Vi ber om tilbakemelding når dette er gjort.

Med helsing

John Ole Vange
utdanningsdirektør

Anne Marte Wiland Sæle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Utdanningsdirektoratet Postboks 9359 Grønland 0135 Oslo